



Høgskulen på Vestlandet

Bacheloroppgave

BLU-BACH15

Predefinert informasjon

Startdato:	28-12-2020 09:00	Termin:	2020 HØST
Sluttdato:	08-01-2021 14:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgave		
SIS-kode:	203 BLU-BACH15 1 BOPPG 2020 HØST stord		
Intern sensor:	Maritha Berger Nylund		

Deltaker

Navn:	Kristine Lilledal
Kandidatnr.:	160
HVL-id:	579221@hul.no

Informasjon fra deltaker

Tittel *:	"Du ser det ikkje før du trur det"-ein studie om korleis ein som vaksen i barnehagen kan oppdage signal hjå barn som opplev omsorgssuikt
Antall ord *:	13021

Egenerklæring *: Ja

Jeg bekrefter at jeg har registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt *:

Gruppe

Gruppenavn: Gruppe 5
Gruppenummer: 8
Andre medlemmer i gruppen: Jenny Rørtveit Haraldseid

Jeg godkjenner uttalen om publisering av bacheloroppgaven min *

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Nei

BACHELOROPPGÅVE

“Du ser det ikkje før du trur det” - ein studie om korleis ein som vaksen i barnehagen kan oppdage signal hjå barn som opplev omsorgssvikt

“You don’t see it before you think it” - a study of how an adult working in kindergarten can pick up signs in children who are experiencing care failure

Kandidatnummer: 160 og 135

BLU-BACH15

**Fakultet/Institutt/program: FLKI/IPRS/Barnehagelærerutdanninga
Campus Stord**

Rettleiar: Maritha Berger Nylund

Innleveringsdato: 08.01.2021

Me stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle

kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet*, § 12-

Føreord

Denne oppgåva er gjennomført tredje året på barnehagelærerutdanning ved Høgskulen på Vestlandet. Temaet vårt er omsorgssvikt i barnehagen, og gjennom denne oppgåva har me fått innsikt i kva signal ein som vaksen kan sjå etter hjå barn som er utsett for omsorgssvikt. Kunnskapen me har tileigna oss har gjort oss meir klar for det framtidige arbeidet som barnehagelærarar.

Det har vore ein lærerik og krevjande prosess som har gitt oss eit nytt innblikk i temaet vårt. Me vil dermed takke våre to informantar for at dei stilte opp til intervju. Dette har vore til uvurderleg hjelp i bacheloroppgåva vår.

I tillegg ynskjer me å takke vår gode rettleiar Maritha Berger Nylund som har gitt oss verdifull rettleiing. Ho har vore tilgjengeleg og støtta oss gjennom heile oppgåva.

Tusen takk til familie, venner og kjente som har hjelpt oss med både korrigering av oppgåva, støtte og gode innspel gjennom heile prosessen.

Me er veldig takknemlege for denne støtta og hjelpa frå dykk alle, utan denne hadde me ikkje hatt ein like positiv oppleving av prosessen vår med bacheloroppgåva.

Desember, 2020

Kristine og Jenny

Abstract

The theme for this thesis is care failure in kindergartens. We have investigated how an employee in a kindergarten can pick up signals from a child that is exposed to neglect at home. We choose this topic because we experienced that we haven't got enough knowledge of this theme through our education. Furthermore, we both find this topic very interesting and extremely important.

Our the research question during the work with this thesis is: How can an employee in a kindergarten pick up signals that a child is neglected at home?

This thesis consist of 6 chapters. The first chapter is an introduction to the topic. In chapter two, we offer an overview of existing literature related to care failure and children that are neglected from their parents. The theory explain how employees in kindergartens can pick up signs of this. In chapter three, we explain the method we have used to shed light on the topic. We have interviewed two different employees in two different kindergartens. We have used a semi-structured interview. The interview guide is attached.

In chapter four we offer a description of the results from our interviews. We find that the interviewee had much similar knowledge, but different experience around the topic. Further, in chapter five we discuss our results against relevant literature offered in chapter two. We find that the literature describes the topic very well. Finally, the thesis last chapter six offer an conclusion of the discussion.

Samandrag

Tema for denne oppgåva er omsorgssvikt hjå barnehagebarn. Me har undersøkt korleis ein som vaksen i barnehagen kan oppdage signal hjå barn som er utsett for omsorgssvikt i heimen. Me valde dette på bakgrunn av at me ville tileigne oss meir kunnskap rundt dette tema, då me frå før følar me har fått for lite kunnskap om tema gjennom utdanninga vår.

Problemstillinga for oppgåva vår har vore: “Korleis kan ein som vaksen i barnehagen oppdage signal hjå barn som er utsett for omsorgssvikt?”

Me har delt oppgåva vår inn i seks kapittel, det første kapittelet er ein introduksjon til temaet. I kapittel to presentera me eksisterande teori relatert til omsorgssvikt. Teorien forklarar korleis ein som vaksen i barnehagen kan oppdage signal frå barn som er utsett for omsorgssvikt. Kapittel tre handlar om kva metode me har valt for å kunne svare på problemstillinga vår. Me har intervjuet to barnehagelærarar i to ulike barnehagar der me har brukt eit semi-strukturert intervju. Intervjuguiden me laga ligg som vedlegg 2.

Resultata frå intervjuet våre kjem i kapittel fire. Me fant ut her at intervjuobjekta våre hadde mykje lik kunnskap, men ulik erfaring rundt tema. Vidare i kapittel fem har me drøfta resultat opp mot eksisterande teori som me presenterte i kapittel 2. Me har funne ut at litteraturen beskriv temaet veldig bra. I det siste kapittelet presenterer me vår konklusjon.

Innholdsliste

Føreord.....	2
Abstract.....	3
Samandrag.....	4
1.0 Innleiing	7
1.1 Problemstilling	7
2.0 Teoretisk forankring.....	9
2.1 Omsorgssvikt.....	9
2.1.1 Former for omsorgssvikt	9
2.2 Signal å sjå etter ved omsorgssvikt	10
2.2.1 Angst og depresjon	12
2.2.2 Traume, post-traumatisk stressyndrom (PTSS) og dissosiasjon	12
2.2.3 Overdriven avhengigheit av vaksne	13
2.2.4 Overlevingsstrategiar.....	13
2.3 Rammeplanen og barnehagelova	14
2.4 Kva gjer ein om ein har mistanke om omsorgssvikt?	15
2.5 Kompetanse om omsorgssvikt hjå personalet	17
3.0 Metode	19
3.1 Kvalitativ tilnærming	19
3.2 Metodekritikk	19
3.3 Val av informantar	20
3.4 Intervju	20
3.5 Etisk ansvar	21
4.0 Resultat av datainnsamling	22
4.1 Omsorgssvikt.....	22
4.2 Signal å sjå etter hjå barn som er utsett for omsorgssvikt.....	22
4.3 Handling ved mistanke om omsorgssvikt og samarbeidsinstansar	23

4.4 Personalet treng kunnskap og kompetanse.....	25
5.0 Drøfting.....	27
5.1 «Barn som ikkje har det bra»	27
5.2 «Eg ser deg»	28
5.3 «Ikkje feig ut»	31
5.4 «Ein får aldri nok».....	34
6.0 Konklusjon.....	37
7.0 Referansar	38
Vedlegg 1: Samtykkeskjema.....	40
Vedlegg 2: Intervjuguide	42

1.0 Innleiing

Temaet for denne oppgåva er omsorgssvikt som er eit omfattande tema og det inneberer mykje. I denne oppgåva vil me fokusera på korleis oppdage å hjelpe barn som blir utsett for omsorgssvikt. Barnehagepersonalet ser barna mykje i løpet av ei veke, dette førar til at det ofte er dei som bekymrar seg først for barnet, dersom barnet opplev ein vanskeleg livssituasjon (Killèn, 2017, s. 15). Bufdir (2015) hevdar at det er ein del barn som veks opp i krevjande eller vanskelege livssituasjonar. Dei legg fram at det vert født litt under 600 barn i Noreg per år med foreldre som har kognitive vanskar. Det er også meir enn kvart fjerde barn som lev med ein eller to foreldre som misbrukar alkohol eller har psykiske lidingar, dette er så alvorleg at det kan føre til at foreldra ikkje klarar å fungere. Bufdir (2015) skriv også at det er 5 % som veks opp med foreldre som er i konflikt. På bakgrunn av at mange barn lev i vanskelege livssituasjonar, er det viktig at ein som vaksen i barnehagen har kunnskap om korleis ein skal oppdage og hjelpe desse barna. I 1972 blei refselsesretten til foreldre oppheva, denne kom utan at det vert innført noko klart forbod mot å bruke fysisk avstraffing i barneoppdraginga. Men i 1987 kom det eit forbod i barnelova §30 at det ikkje var tillat å bruke vald i oppdragelsen til barna (Ot.prp. nr. 104, 2008-2009). Me ser her ei utvikling med tanke på barns omsorgssituasjon, færre barn blir no utsett for vald. Men framleis vert 1 av 5 barn klypet, lugga, rista eller slått (FHI, 2019).

Me valte temaet omsorgssvikt på bakgrunn av vår interesse for å hjelpe barn som ikkje har det godt i heimen sin. Me ser og at det er fleire barn som nå går i barnehagen enn før. Elisabeth Rønning (2001) skriv i sin artikkel at “Barnehagesektoren har utviklet seg fra å være et veldig lite tilbud på midten av 1960-tallet, til å omfatte over 190 000 barn ved utgangen av 2000”. Ein har som vaksen i barnehagen ein større moglegheit til å oppdage barna som lev i vanskelege livssituasjonar no enn før.

1.1 Problemstilling

Me har valt problemstillinga “Korleis kan ein som vaksen i barnehagen oppdage signal hjå barn som er utsett for omsorgssvikt?”. Bakgrunnen for at me har valt denne problemstillinga er at me ynskjer å få eit større kunnskapsgrunnlag rundt det å oppdage signal hjå barn. Med eit større kunnskapsgrunnlag er me meir forberedt på å handtere slike situasjonar som framtidige barnehagelærarar.

Me har bevisst valt å bruke “vaksen i barnehagen” i staden for barnehagelærar, dette fordi det ikkje berre er barnehagelæraren som treng kunnskap om korleis ein kan oppdage barn som er

utsett for omsorgssvikt. Alle som jobbar i barnehagen treng denne kunnskapen. For å svare på problemstillinga vår har me valt interjuva to barnehagelærarar frå ulike barnehagar, i tillegg har me gått inn i noko av faglitteraturen som er innanfor dette temaet.

2.0 Teoretisk forankring

I denne delen av oppgåva presenterer me faglitteratur, dette vil me bruka for å setja lys på problemstillinga vår: “Korleis kan ein som vaksen i barnehagen oppdage signal hjå barn som er utsett for omsorgssvikt?” Først gjer me greie for kva omsorgssvikt er, deretter går me gjennom kva signal barna kan sende ut når dei er utsett for omsorgssvikt. Så skriv me om kva ein som tilsett i barnehagen skal gjere om ein har mistanke om omsorgssvikt. Vidare skriv me om kva rammeplan og barnehagelova seier om dette temaet. Avslutningsvis gjer me greie for kva kunnskap barnehagepersonalet bør ha for å kunne oppdage barn som blir utsett for omsorgssvikt.

2.1 Omsorgssvikt

Omsorgssvikt er eit stor og omfattande tema, og det kan vere vanskeleg å skilja mellom kva som er omsorgssvikt og kva som kjem under «normal» omsorg. Her kan ein sjå til Kvello (2015, s. 318) sin definisjon på omsorgssvikt “omsorgssvikt handler om at foreldre ikke får gitt barnet tilstrekkelig med omsorg, slik at stimuleringen blir for fattigslig, ernæringen for dårlig, eller at barnet ikke sikres eller beskyttes tilstrekkelig”.

Alle barn kan oppleve å skada seg, dette blir ikkje sett på som omsorgssvikt. Om barnet derimot skadar seg gjentatte gonger på grunn av at foreldra ikkje er tilstrekkeleg til stades, kan ein vurdere om dette er omsorgssvikt (Nordhaug, 2018, s. 22). Skader barna kan ha er blåmerke, sår, smerter og hevelsar.

2.1.1 Former for omsorgssvikt

Det finst ulike former for omsorgssvikt, og det er slik at ein kan vere utsett for ei eller fleire av dei. Ein har blant anna fysiske overgrep, kjenslemessig vanskjøtsel, psykiske overgrep og seksuelle overgrep (Killèn, 2017, s. 57). Når det er snakk om fysiske overgrep, ser ein på barn som blir slått eller utsett for andre fysiske handlingar. Under overgrepa kan barna blant anna få brot, blåmerke og sår (Killèn, 2012, s. 37). Barn som har opplevd fysiske overgrep, lev med ein angst for nye overgrep. Det er ofte barnet som får skylda for overgrepet og dette kan føre til at barnet kjenner på at dei ikkje fortjen kjærleik og omsorg frå andre (Killèn, 2012, s. 39).

Vanskjøtsel er eit omgrep som blir brukt når behova barna har for stell, mat og omsorg ikkje blir tilfredsstilte (Nordhaug, 2018, s. 23). Barna kan ofte vere skitne og dei får gjerne mat når det passar for foreldra og ikkje når dei treng det. Ein kan skilje mellom at noko akutt har skjedd som kan føre til at foreldra ikkje har merksemd til å sjå kva barna treng, men med

hjelp utanfrå kan dette ordnast. Når foreldra ikkje har kunnskap og evna til å kunne sjå barna, blir dette det me kallar kronisk vanskjøtsel (Nordhaug, 2018, s. 23).

Psykiske overgrep kan forklarast som ein kronisk haldning eller handling hjå foreldra eller omsorgspersonane til barnet. Dette kan føre til at barnet ikkje får utvikla eit positivt sjølvbilete, slike overgrep kan oppstå om foreldre ikkje er til stades for barna og ikkje ser barnet sitt behov over tid. Som forelder eller omsorgsperson kan ein i blant prioritere seg sjølv om ein er trøytt eller liknande og det blir ikkje rekna som omsorgssvikt (Killèn, 2012, s. 41). Winnicot brukar omgrepet holdande miljø for å forklara kva som ligg i «god nok» omsorg. Dette går ut på å sjå barnas perspektiv, den emosjonelle nærleiken er til stades og at ein gjerne utsett egne behov til fordel for barnas behov. Winnicot hevdar også at ingen relasjonar er heilt perfekte, men for at relasjonen skal vere «god nok» bør ein ha fleire gode opplevingar enn vonde (Askland & Sataøen, 2014, s. 60).

Når barn vert utsett for seksuelle overgrep, går dette ut på seksuelle handlingar. Ein snakkar ikkje berre om samleie med barn, men ofte kan det skje gjennom leik med barna som utviklar seg til seksuelle handlingar. Desse overgrepa skjer ofte på bakgrunn av at dei vaksne skal få tilfredsstilt sine seksuelle behov, og barnet får ofte skylda for det som har skjedd (Killèn, 2012, s. 53).

Ein kan og sjå til Kvellos fire grader for omsorgssvikt, der han graderer omsorgssvikt etter kor alvorleg det er for barnet. Den første grada er alvorleg her er det snakk om når barn periodevis får for lite kjærleik, og er litt forsinka i utviklinga. Den neste grada er meget alvorleg her har ein barna som opplev å få for lite kjærleik heile tida, utviklinga skjer langsamt, barnet har dårleg hygiene og det kan tyde på at foreldra slit med noko sjølv. Svært alvorleg er neste grad, her snakkar ein om barn som er overlate til seg sjølv over lengre periode eller har barnevakt som dei ikkje er trygge på. Foreldra sine omsorgsferdigheiter er i denne graden svært svake, barna har ofte utslett eller sår på kroppen og er skitne. Siste grada Kvello skriv om er særdeles alvorleg, i denne grada er det snakk om foreldre som er mentalt fråverande ofte, barna er med barnevakt eller overlate til seg sjølv. Utviklinga til barnet er tydeleg forsinka på grunn av mangel på omsorg. Dårlig hygiene førar til at barnet ofte er sjukt og har infeksjonar (Kvello, 2015, s. 319).

2.2 Signal å sjå etter ved omsorgssvikt

Å oppdage dei barna som er i vanskelege livssituasjonar og er utsett for omsorgssvikt kan vere svært vanskeleg, fordi barna kan utvikle overlevingsstrategiar. Dette inneberer at det

tilsynelatande ser ut til at barnet har det bra. Barna er også veldig lojale ovanfor sine foreldre og dei tar tidleg vare på foreldra sine. Barna formidlar sjeldan informasjon om korleis dei har det heime, dette på bakgrunn av at dei oppdag tidleg kva tabu er (Killèn, 2017, ss. 87 - 88). Dette førar til at det kan vere vanskeleg å oppdage at barna ikkje har det godt. Nordhaug (2018, s. 68) skriv likevel at ein som vaksen kan sjå i ulike samanhengar at barnet har problem med å regulera kjenslene sine, og får ein annleis åtferd. Barna kan og kome med små hint om deira situasjon eller vise ei tydeleg avvikande utvikling, dette kan gjer til at bekymringa ein får er lett å definera kva er. Når eit barn opplev omsorgssvikt tar det tid før barnet tar skade av det, og lengre tid tar det før symptoma eller skadane blir synlege for andre. Det er vanskelegare å sjå indikasjonar på uheldig utvikling, mistilpassing eller dårlege omsorgsforhold på små barn, dette for ikkje alle små barn har lik evne til å uttrykke seg som større barn (Claussen, 2010, s. 17).

Killèn (2017, s. 87) hevdar at for å kunne tilpasse seg miljøet treng ein vekst og læring. Barn som er utsett for omsorgssvikt prøver å beskytta seg sjølve mot omgivnadane som gjerne kan vere overveldande. Og dersom desse belastningane frå omverda er for store og varer over lengre tid, blir barnet si utvikling og modning hemma av dette. Kjensler barn som er utsett for omsorgssvikt kan inneha er makteslausheit, å vere forvirra og å ha angst. Mange av kreftene deira vert brukt på å meistre og overleve, meistringsbehova til barna kan gjerne komme godt fram om barnet blir utsett for store belastningar. Om barn har gode ressursar, men blir utsett for vanskjøtsel, kan barnet vere tidleg ute med å klare seg sjølve, det kan handle om å gå tidleg, kle seg sjølv tidleg og det å klare å ta til seg mat sjølv. Men den kjenslemessige utviklinga vert forringa (Killèn, 2017, ss. 87-88). Sjølv om dette er eit teikn på omsorgssvikt er det ikkje slik at alle som er tidleg ute med å klare seg sjølv er utsett for omsorgssvikt.

Barn som klarar seg godt på tross av omfattande omsorgssvikt vert ofte kalla løvetannbarn. Dei vert samanlikna med ein løvetann som kjem opp gjennom den harde asfalten, desse barna klarar å ha ei utvikling med tanke på den tunge motstanden. At desse barna klarar seg godt vil ikkje sei at dei kan meistre kriser og dei belastningane som kjem seinare i livet, dei kan då vere sårbare. Løvetannbarn sender ofte ut signal om at dei treng ein vaksenperson utanfor familien. Dette er noko ein som vaksen i barnehagen bør vere observant på, då denne personen også kan vere ein av dei vaksne i barnehagen (Killèn, 2017, s. 88).

2.2.1 Angst og depresjon

Barn som er utsett for omsorgssvikt har gjerne ein tydeleg angst og/eller depresjon. Angsten kan dreia seg om at ein er redd for å ikkje bli godt nok ivaretatt, ein kan få angst i spesielle situasjonar, som for eksempel overgrepssituasjonar. Dei kan og få angst for situasjonar som dei veit kjem til å oppstå og denne angsten kan og vere kronisk (Killèn, 2017, s. 93).

Barna finn eigne og forskjellige måtar å handtere angsten og følelsane sine på. Killèn (2017, ss. 93-94) nemnar at barna kan skyve opplevingane “ut av hovudet” og på denne måten forandre situasjonen dei er i. For mange barn er aggresjon det forsvaret dei brukar, så om barnet opplev omsorgssvikt i form av vald kan dette komme fram i aggresjon. Ofte kan barnet oppfatte ulike situasjonar og personar som truande sjølv om dei ikkje er det, barnet vil dermed handle etter dette for å forsvare seg sjølv. Barnet provoserer gjerne fram aggresjon som ein måte å handtere det truande på. Aggresjonen kan bety mykje. Det kan vere at barnet testar om personen er glad i det sjølv om det utagerer slik, det kan vere barnets måte å stengje ute andre vonde følelsar osv. Barna som er utsett for omsorgssvikt har gjerne aggresjonen som ein kontinuerleg tilstand og det skal ofte lite til for at aggresjonen vert utløyst (Killèn, 2017, s. 94).

Trygge barn brukar ofte blikkontakt når dei søker kontakt hjå andre. Om barnet er deprimert er det vanleg at dei gjerne vil ha kontakt, men auga og ansiktet er ikkje noko sentral i det samspelet ein har når ein kommuniserer. Depresjonen hjå barn kan ofte bli tydeleg i deira leik, men om barnet er utsett for omsorgssvikt kan det gjerne leike lite. Å leike lite kan vere eit signal ein som vaksen bør sjå etter i barnehagen. Barn har også eit behov for å vere fysisk aktive, dei er gjerne motiverte for målretta aktivitetar, dei har og ein glede rundt dette og utviklar då eit overskot. Om barnet er deprimert finn ein ikkje dette overskotet, barnet kan vise sin depresjon gjennom fysisk passivitet. Det er mange måtar barnet kan vise sin depresjon på, men om barnet viser ekstrem passivitet eller hyperaktivitet er det grunn til bekymring (Killèn, 2017, s. 100).

2.2.2 Traume, post-traumatisk stressyndrom (PTSS) og dissosiasjon

Killèn (2017, s. 95) hevdar at barna kan bli utsett for traume ved mange av dei forskjellige formene for omsorgssvikt. Hendingar som gjer til at barnet kjenner på frykt og hjelpeløyse kan definerast som traume. Dei mest alvorlege barndomstrauma er tilknytningstraume, som handlar om at tilknytningens funksjon; å beskytte, vert øydelagt. Det er ein rekke faktorar som spelar inn på korleis barnet reagerer på trauma, det kan blant anna handle om korleis barnet

ser på situasjonen sin, alderen på barnet når det vert utsett for eit traume og barnets temperament. Det kan og handle om familiefaktorar, som blant anna foreldras tilknytning og livssituasjon, samhaldet i familien og støtta barnet eventuelt har fått etter eit traume (Killèn, 2017, ss. 95 - 96).

Barn kan dissosiere når dei vert utsett for traumatiske opplevingar. DiTomasso og Routh (1993) og Benum og Boe (1997) referert i Killèn (2017, s. 97) forklarar dissosiering slik: “Dissosiering er en tilpasnings- og mestringsmekanisme som kan beskytte oss når vi utsettes for traumatiske opplevelser”. Når barn brukar nekting og dissosiering kan det føre til at dei ikkje hugsar overgrepet dei er blitt utsett for, dette kan og overførast til handlingar dei gjer. Ein konsekvens av det kan vere at barnet nekta å ha utført handlingar, som vaksen er dette signal ein kan sjå etter hjå barna. Dette kan då igjen føre til at barnet utviklar post traumatisk stressreaksjonar. Nokon kan og utvikle så sterke reaksjonar at dei får tilstanden post – traumatisk – stressforstyrrelse eller stressliding (Killèn, 2017, s. 99).

2.2.3 Overdriven avhengigheit av vaksne

Når behov ikkje blir dekkja kan det skapa eit avhengigheits problem, og når barnet blir utsett for omsorgssvikt kjem desse problema fram. Problema kjem gjerne til syne på to forskjellige måtar, den eine måten er open avhengigheit. Killèn (2017, s. 101) hevdar at gjennom observasjon har barnehagepersonalet sitt at barna som er utsett for omsorgssvikt ofte er veldig avhengige av dei vaksne. Barn vil likevel ikkje alltid kunne ta i mot nærleik og samspel. Dette fordi barnet berre har lært avvising av sine foreldre og ikkje lært gjensidigheit.

Den andre måten avhengigheits problema kan kome fram på er forsvarsprega uavhengigheit. Dette kan gå ut på overdriven uavhengigheit. Denne kan vise seg som at barnet opptrer på ein kald måte, og at barnet ikkje bryr seg om nokon andre. Felles for desse reaksjonane er at barna føler på ei lengt etter tryggleik og anerkjenning. Når dei ikkje får dette opplev dei utryggleik, bekymring og angst. Desse kjenslene trekk barna både til og frå foreldre og andre (Killèn, 2017, s. 101). Desse formene for kontakt med vaksne nemner også Emilsen (2020, s. 154), ho skriv om både den avhengigheita barna viser ovanfor den vaksne, og den uavhengige.

2.2.4 Overlevingsstrategiar

Overlevingsstrategiar kan bli definerte som måtar barn føreheld seg på for å meistre sin situasjon på best mogleg måte når situasjonen er trua. Killèn (2017, s. 88) hevdar at behovet for å meistre er til stades hjå alle barn, men grensa mellom meistring og overlevingsstrategi er

vanskeleg å vurdere. Overlevingsstrategiane barna utviklar er avhengig av kva tid omsorgssvikta blir sett inn, og korleis den ut arter seg. Den er og avhengig av genetisk potensial, fysiske utvikling, temperament, vitalitet, kreativitet, barnets sensitivitet og intellektuelle utrusting. Killèn (2017, ss. 88 - 89) hevdar at barn som blir utsett for vanskjøtsel og fysiske overgrep, utviklar to forskjellige overlevingsstrategiar. Den overdrivne tilpassande og/eller den utagerande. Dette er då noko ein kan sjå etter som signal frå barna som vert utsett for omsorgssvikt. Ein ser og at Drugli (2002, s. 47) skriv om fire ulike roller barn som opplev omsorgssvikt kan innta. Ho skil mellom hjelperolla, sky og engsteleg, utagerande bråkmakarar og klovnar og sjarmtroll. Desse fire rollene kan samanliknast med Killens overlevingsstrategiar.

Barna som opptrer med overdriven tilpassing vil heile tida leve opp til dei vaksne sine krav og forventingar. Killèn (2017, s. 89) hevdar dermed at barna brukar mykje krefter på å oppfylle og leve etter desse forventingane. Barna kan og vere hypersensitive, dette ovanfor dei vaksne sine signal om korleis barn skal oppføre seg. Dei prøver å skjule for seg sjølve, men også ovanfor omverda kor dårleg dei har det i sin situasjon. Dei observerer den vaksne sin haldning og humør og oppfører seg ut ifrå dette. Barna viser ofte ein åtferd og ferdigheiter som ofte ligg høgt over det som eigentleg er forventa av barnet på den alderen. Dei kan gjerne vere "små vaksne" frå tidleg alder. Når denne typen av overlevingsstrategi blir tydeleg, kan den vere lett å oppdage, men om den er meir skjult og ikkje så tydeleg er det vanskelegare (Killèn, 2017, s. 91). Barn som visar ein utagerande åtferd kan kontinuerleg opptre provoserande, aggressive, destruktive og hyperaktive (Killèn, 2017, s. 89). Denne strategien er prega av uro, her er det gjerne lettare å oppdage barna og deira situasjon. Dei kan øydeleggje leik samt læringssituasjonar for andre. Barna blir gjerne ikkje rolege før dei får ein vaksen for seg sjølve (Killèn, 2017, s. 91). Sjølv om ein delar det opp i den overdriven tilpassing og den utagerande vil ikkje det sei at barna er anten eller. Dei kan vise begge og skifte mellom dei forskjellige, dette er avhengig av situasjonen deira (Killèn, 2017, s. 92).

2.3 Rammeplanen og barnehagelova

Barns rettigheter i barnehagen er svært viktige og noko som personalet skal kjenne til. Å tilby barn et omsorgs- og læringsmiljø som er lagt til rette for barnet er noko som ligg i barnehagens samfunnsmandat (Emilsen, 2020, s. 23). I barnehagelova (2006, s. §1) står det "Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemme ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling". Her må ein alltid jobbe mot barns beste og sjå kva barnet treng.

Ein må hugse på at alle menneske har ein rett til og vern mot vald og seksuelle overgrep (Nordhaug, 2018, s. 123). Dette er noko ein som jobbar i barnehage må tenkje over, det meste av ansvaret staten har for dette ligg på barnehagen som ser barna kvar dag. Når ein jobbar i barnehagen har ein teieplikt, denne plikta skal ein halde. Det einaste som gjer at ein ikkje skal halde teieplikta er når det kjem til opplysningsplikt til barnevernet. Denne seier at barnehagetilsette skal gi opplysning til barnevernet når det er grunn å tru at barnet er utsett for alvorleg omsorgssvikt (Barnehageloven, 2006, s. §22). Det er menneskets rett å få hjelp dersom ein blir utsett for omsorgssvikt, dermed må ein sjå barna og kanskje endring hjå dei for at ein skal oppdage det. I rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 11) står det:

“Gjennom den daglege og nære kontakten med barna er barnehagen i ein sentral posisjon til å kunne observere og ta imot informasjon om omsorgs og livssituasjonen til barna. Personalet skal ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsette for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep, og dei skal vite korleis dei kan førebyggje og oppdage dette”.

Her ser ein det store ansvaret ein har som tilsett i barnehagen og det er viktig å tenkje på dette i arbeidet med barna. Rammeplanen skriv at “Barnehagen er òg ei førebuing til aktiv deltaking i samfunnet og bidreg til å leggje grunnlaget for eit godt liv” (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8). For at ein i barnehagen skal klare å leggje grunnlaget for eit godt liv for barna, er ein naud til å kunne sjå barna som individ og hjelpe dei ut ifrå dette.

2.4 Kva gjer ein om ein har mistanke om omsorgssvikt?

Claussen (2010, s. 27) hevdar at om ein har jobba med eit barn lenge har ein sett barnet i mange ulike forhold. Ein har gjerne observert barn kome med forskjellige utsegn som vekker bekymring, ein bør få oppklaring i denne bekymringa. Ein kan då spørje seg sjølv ulike spørsmål som kvifor meiner eg at barnet er tilbakehalden? Kva meiner eg med at barnet ikkje fungerer godt med dei andre barna? Dei andre tilsette på avdelinga som også har mykje kontakt med barnet er og gode å ha, samt styraren. Om ein spør andre for å få opplysningar om barnet er det viktig at desse vert konkretisert. Ein kan då gjerne stille dei spørsmål som gjer at dei konkretiserer kva dei føler rundt dette barnet (Claussen, 2010, s. 28).

Dersom ein har ein bekymring for eit barn, kan dette vere noko ein deler med føresette. Her må ein først vere sikker på at det ikkje er snakk om seksuelle overgrep og vald. Drugli (2002, s. 34) hevdar at gjennom samtale med foreldra kan ein få meir innsikt i korleis barnet er

heime, og ein får moglegheita til å høyre foreldra sitt syn på barnets situasjon. Gjennom ein slik samtale kan ein som tilsett i barnehagen gi av sin kunnskap om omsorg rundt barn til dei føresette. Claussen (2010, s. 27) skriv om observasjon som er viktig om ein har bekymring for eit barn. Drugli (2002, s. 35) nemnar også at observasjon er viktig, og at før ein tar samtalen med føresette er det å kartlegge og observere barnet i ein periode med på å gi eit innblikk i korleis barnet er over tid. Dette kan hjelpe ein i etterkant av samtalen med føresette, gjennom at ein må finne ut om ein treng meir informasjon. Eller om ein gjennom samtalen og observasjonen har fått nok. Informasjonen ein har vil anten føre til at ein ikkje lengre treng vere så bekymra, eller så treng ein kanskje hjelp til å komme seg vidare i prosessen. Drugli (2002, s. 36) skriv om hjelpa ein kan få hjå ulike instansar, her har ein både barnevernet, BUP og andre instansar, dette alt etter kva slags problem ein har.

Nordhaug (2018, s. 74) hevdar også at ein kan søkje konsultasjon om ein har bekymring som ein ikkje heilt forstår innhaldet i. Ein kan då bli tryggare i kva ein skal gjere med uroa si. Han nemna konsulentar som PPT, kommunepsykolog, helsestasjon eller BUP. Dette kjem ann på kva erfaringar barnehagen har med dei forskjellige, samt kva rutinar dei har ved mistanke. Han nemnar også at barnevernet kan vere ein god konsulent. Nordhaug brukar grøn og raud sone for å dele opp bekymringa. Grøn sone handlar om all type bekymring hjå barn, ein har her plikt til å drøfte dette med foreldra og det er ingen grunn til å ikkje gjere det. Raud sone handlar om bekymring ein har som ein ikkje skal drøfte med foreldra før ein har vurdert kor trygt det er, dette for barna kan få skade av det. På raud sone skal ein melde til barnevernet slik at dei kan vurdere korleis foreldra skal få informasjon, og om politiet skal kontaktast (Nordhaug, 2018, s. 74).

Barna sjølv sitt ofte med mykje informasjon som er nyttig for ein som tilsett i barnehagen for å komme seg vidare i bekymringa. Her kan samtalen med barnet være viktig, det å snakka med barnet om korleis det har det kan gi ein mykje informasjon. Informasjonen kan komme både gjennom korleis barnet oppfører seg under samtalen og kva det seiar (Drugli, 2002, s. 36). Dersom ein vil ha informasjon om noko spesielt, må ein som vaksen prøve å styre samtalen slik at barnet sitt fokus blir rett. Her legg ein som vaksen dei fleste premisser for samtalen, men det kan vere nødvendig for å få svar på det du ønskjer. Barn finn gjerne ut kva svar den vaksne forventar, ein må dermed tenkje over at ein ikkje legg for mykje premisser i samtalen. Slik at barnet svarar det som faktisk er reelt og ikkje det barnet trur den vaksne vil ha til svar (Drugli, 2002, s. 37). Eit barn som opplev vanskelege omsorgssituasjonar treng nokon som høyrar på dei og er støttande i prosessen dei går gjennom (Drugli, 2002, s. 39).

2.5 Kompetanse om omsorgssvikt hjå personalet

Sjølv om barna prøver å skjule korleis dei har det heime, kan barnehagetilsette ofte få ein uro for at noko er gale. I desse situasjonane er det derfor veldig viktig å ha kompetanse og kunnskap for at ein skal kunne finne ut kva denne uroa er og kunne ta vare på barnet best mogleg (Killèn, 2017, s. 87). For at ein som vaksen skal kunne hjelpa barna på best mogleg måte er ein nøydt til å ha kunnskap om dette. Her må personalet i barnehagen bli satt inn i forskingsforankra kunnskap som handlar om omsorgssvikt (Killèn, 2017, s. 15). Det er kanskje ikkje alltid like enkelt å fortelje ein tilsett i barnehagen korleis ein kan gjer oppgåver på andre måtar, fordi dette kan fort bli oppfatta som kritikk. Fordelinga av oppgåver i barnehagen blir ofte sett på som likt av både barnehagelærar og assistentar, dette gjer at barnehagelærarar ofte er vekke frå barna. Både når dei jobbar med planleggingsarbeid og andre praktiske oppgåver der barna ikkje tar del (Jakobsen, 2015). Dette kan fort føre til at ein som barnehagelærar kvir seg til å gi kunnskapen som dei har lært vidare. Dette for barne- og ungdomsarbeidarar og assistentane er meir på golvet med barna enn ein sjølv er.

Verdigrunnlaget til barnehagen er det som byggjar på korleis arbeidet i barnehagen blir utført. Det handlar mykje om grunnhaldninga til personalet for korleis dei arbeidar i barnehagen og kva kunnskap dei tar til seg. Her handlar det om at personalet må ta dei rette vala og det basert på den faglege kunnskapen dei har (Emilsen, 2020, s. 76). For at ein skal kunne hjelpe barna som tilsett i barnehagen er ein nøydt til å ha kunnskap og kan lesa signala som barna sender til oss (Killèn, 2017, s. 16).

Det er ikkje alt ein veit, mange tenkjer at ingen me kjenner gjer noko slikt. Her handlar det om kva kompetanse personalet har og at dei veit at det er mykje dei ikkje er klar over. Når ein har ein slik haldning overser ein signal frå barn, dette fordi me ikkje kan tru det (Nordhaug, 2018, s. 87).

Som vaksen i barnehagen har ein fått større krav dei siste åra, dette for barna kjem i barnehagen allereie når dei er 1år. Her vil det sei at barna treng tilknytingspersonar som er viktige for dei. Personalet er viktige omsorgspersonar for barna og dei må dermed vise omsorg og trøyst til barna, dette for at dei skal føle seg trygge (Killèn, 2017, ss. 18 -19). Som tilknytingsperson til barnehagebarn når ein jobbar i barnehagen kan ein vere med på å fremme utviklinga til barnet. Når ein ser på kunnskap om tilknytning handlar det om å styrke trygg tilknytning (Killèn, 2017, ss. 142 - 143). Her kan ein sjå til tryggleikssirkelen, denne handlar om tilknytning og viser korleis dei grunnleggjande behova til barn heng saman.

Sirkelen handlar om at ein som vaksen først tryggjar barnet slik at barnet vågar å utforske. Når barnet har utforska, kjem den tilbake til sin trygge hamn for å få meir påfyll av tryggleik. Barnet går rundt i denne sirkelen heile tida, både i små og store rundar (Brandtzæg, Torsteinson, & Øiestad, 2013, ss. 18 - 19).

3.0 Metode

Bergsland og Jæger (2014, s. 66) hevdar at metode er ein framgangsmåte for å finne svar på forskings spørsmål. Her er målet å hente inn data for å få fram verkelegheita. Kvalitativ metode handlar om å få innsikt i uttrykk frå andre og systematisere dette. Det kan vere språklege ytingar som er skriftlege eller munnlege. Ein kan og få innsikt i handling som er åtferd (Bergsland & Jæger, 2014, s. 66). Ein måte å samle inn data på ved kvalitativ metode kan vere intervju. Kvantitativ metode handlar meir om tal og det ein kan måle, her vert resultatet presentert i statistikkar og diagram (Bergsland & Jæger, 2014, s. 68). Spørjeskjema er ein måte å samle inn data på, ved kvantitativ metode.

3.1 Kvalitativ tilnærming

Me har valt å bruke kvalitativ forskingsmetode når me samlar inn data til denne oppgåva. Valet av metode blei gjort på grunnlag av at gjennom det kvalitative interjuvet får ein moglegheit til å få fyldige og detaljerte svar (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 77). I denne samanheng har me tatt i bruk et semistrukturert intervju for å kunne svare på problemstillinga vår om kva signal ein som vaksen i barnehagen skal sjå etter for å avdekke omsorgssvikt. Eit semistrukturert intervju vil sei eit intervju som har ein intervjuguide. Me kan då bevege oss fram og tilbake i den og me treng ikkje å følgje den til punkt og prikke (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 79). Sidan me skal ha to informantar bør begge få same spørsmål. Dette på bakgrunn av at me vil ha ulike perspektiv på same spørsmål og tema. Under interjuvet har me valt at ein skal intervju og den andre skal skrive, fordi ein då alltid vil vere til stades i samtalen.

3.2 Metodekritikk

Det er viktig å poengtere at dei resultata me presenterer, ikkje nødvendigvis gjeld alle barnehagar. Me har hatt to informantar og gjennom intervju har me fått deira erfaring og tankar rundt vår problemstilling: «kva signal skal ein som vaksen i barnehagen sjå etter hjå barn som er utsett for omsorgssvikt?». Sidan me har to informantar vert dette eit avgrensa utval. Det handlar om at ein vel å gjere det som er enklast mogleg ut i frå den avgrensa tida ein har. Dette står i tråd med det Christoffersen og Johannessen (2012, s. 52) skriv om avgrensa utval.

Bergsland og Jæger (2014, s. 80) presenterer to omgrep som er relevant innan kvalitativ metode: reliabilitet og validitet. Reliabilitet går ut på truverdigheit det handlar om resultata ein har er pålitelege, altså om ein får det same svaret om ein gjer dette ein gong til. Samt

korleis ein jobbar med å tolke og analysere resultatata og korleis ein har samla det inn (Bergsland & Jæger, 2014, s. 80). På bakgrunn av vårt val med to informantar, er det ikkje sikkert at me hadde fått same resultat om me hadde gjort dette igjen med to heilt andre informantar. Dette fordi me har få informantar og resultatata baserer seg på eit avgrensa utval. Validitet tyder gyldigheit og handlar om kor godt ein måler det ein ynskjer å måle. Resultata kan presentera det ein undersøker, og om informantane me har valt har ein nærleik eller erfaring med vår problemstilling (Bergsland & Jæger, 2014, s. 80). Me valte å intervju barnehagelærar i staden for styrar i barnehagen, fordi barnehagelæraren har meir nærleik til vår problemstilling.

3.3 Val av informantar

Me har valt å intervju to barnehagelærarar frå to ulike avdelingsbarnehagar med fleire års erfaring. Dette gjorde me for å få innsikt i ulike erfaringar og tankar rundt vårt tema omsorgssvikt. Valet på barnehagelærarar som har arbeida i barnehage i mange år blei tatt på bakgrunn av at desse mest sannsynleg har meir erfaring innanfor temaet og dermed har meir opplevingar knytt til dette. Valet var ikkje enkelt, men me landa på barnehagelærar då det også er dette me utdannar oss til. Det er dei som ser barna i barnehagekvardagen. Christoffersen og Johannessen (2012, s. 50) skriv om at ein handlar strategisk når ein jobbar med utveljing av informantar til eit kvalitativt intervju. Ein bør og finne informantar som er innanfor målgruppa og problemstillinga vår, for å få eit mest mogleg truverdig resultat.

3.4 Intervju

Før intervju laga me ein intervjuguide (vedlegg 2) med spørsmål som me ynskte få svar på i løpet av intervjuet. På bakgrunn av covid-19 pandemien var me nøydd til å gjennomføre intervjua gjennom videokommunikasjonsverktøyet Zoom. Sjølv om me hadde intervjuet digitalt, fekk me likevel sjå informantane og deira kroppsspråk. Me tenkte dette gjorde det meir personleg enn om me skulle tatt intervjuet gjennom telefon. Me ville at intervjuet skulle vere som ein samtale mellom oss og informant, derfor starta det med eit enkelt spørsmål om kva informantane tenkte når dei høyrer ordet omsorgssvikt. Etter kvart gjekk me meir inn på opplevingar og erfaring rundt problemstillinga vår, desse spørsmåla kom naturleg inn i samtalen me hadde med informantane. For å styrke kjensla av ein naturleg samtale hjå informantane, prøvde me sjølv å halde oss rolege og ikkje opptre formelt. Postholm og Jacobsen (2011, s. 79) skriv om aktiv intervju, som handlar om at du som intervjuar skal halde samtalen i gang. Gjerne med oppfølgingsspørsmål eller eit lite nikk og liknande. Gjennom våre intervju var det naturleg å stille oppfølgingsspørsmål for å få ein klarheit i

svara til informantane. Samstundes ser me i ettertid at me kunne stilt enda meir oppfølgingsspørsmål for å få enda meir djupn i svara til informantane våre. Etter gjennomføring av begge intervjua gjekk me gjennom transkripsjonen for å sjekke at den som skreiv hadde fått med seg alt. Me analyserte transkripsjonane for å få ei oversikt over innhaldet og resultatane me hadde fått.

Bergsland og Jæger (2014, s. 81) skriv at ein alltid prøvar å redusere datamengda, lage struktur og orden i ein analyseprosess. Dette har me gjort gjennom å finskrive transkripsjonane og fekk gjennom dette orden i resultatane våre. Etterpå trakk me ut likskapar og ulikskapar frå svara til informantane, for å redusere datamengda og samstundes få med det som er relevant for problemstillinga.

3.5 Etisk ansvar

Som intervjuar har ein eit ansvar å få fram til informantane at alt som blir sagt i interjuvet vert anonymt handtert. Temaet omsorgssvikt kan for mange opplevast som eit vanskeleg tema å snakke om, og difor er det viktig å få fram at det ikkje skal vere mogleg å spore tilbake til kven som har gitt denne informasjonen.

Bergsland og Jæger (2014, s. 83) legg fram tre hovudprinsipp som er relevant når ein snakkar om det etiske ansvaret ein har som forskar. Det første er informert samtykke som handlar om at informantane skal informerast om dei overordna måla til undersøkinga, at det er frivillig å delta samt at ein som frivillig kan trekkje seg kva tid som helst. Det andre er konfidensialitet som går ut på at ein ikkje skal gjere personlege data offentleg, for å halde deltakarane sin identitet anonym. Konsekvensar er det tredje og siste prinsippet som handlar om at me må unngå at informantane våre vert utsett for skade eller andre belastingar (Bergsland & Jæger, 2014, ss. 83 - 85). Gjennom samtykkeskjema som me sendte ut til informantane, sikra me oss at dei tre hovudprinsippa vert oppretthaldt (vedlegg 1). Samtykkeskjema sendte me ut i papirform for å oppretthalde personvern.

4.0 Resultat av datainnsamling

I denne delen av oppgåva vil me presentera resultatata frå intervjua våre. Gjennom dette vil me belysa problemstillinga vår. Me har gjennomført to intervju der me intervjuar to barnehagelærarar. Dette kapittelet har me valt å dele det inn i fire ulike delar for å skape oversikt. Informantane har me anonymisert med å kalle dei for barnehagelærar A og barnehagelærar B.

4.1 Omsorgssvikt

Me starta intervjuet vårt med eit opent spørsmål om kva informantane tenkte når dei høyrde ordet omsorgssvikt. Barnehagelærar A tenkjer med ein gong at omsorgssvikt handlar om barn som ikkje har det bra og at det er barn som ikkje i tilstrekkeleg grad vert sitt og høyrde. Intervjuobjektet nemnar at omsorgssvikt er eit vidt omgrep, som kan gå heilt frå seksuelle overgrep til å ikkje få den rette omsorga i heimen. Omgrepet omsorgssvikt famnar mykje. Barnehagelærar B får det same spørsmålet og tenkjer her at omsorgssvikt handlar om føresette som ikkje klarar å ta vare på barnet sitt på ein god måte. Det kan vere mange forskjellige årsaker til at dei vaksne ikkje klarar å ta hand om barnet, både fysisk og psykisk sjukdom kan vere nokre årsaker. Intervjuobjektet nemnar at omsorgssvikt og mishandling er forskjellige ting, også barnehagelærar B seier at omsorgssvikt er eit vidt omgrep. Barnehagelærar B poengterer at som vaksen i barnehagen er ein barn sitt talerøyr og det er viktig å byggje relasjonar med barna. I omsorgssvikt situasjonar er det viktig at ein heile tida tenkjer at barnet er mitt ansvar, ein skal og tenkje kva som er det beste for barnet heile tida.

4.2 Signal å sjå etter hjå barn som er utsett for omsorgssvikt

Begge informantane våre fortel at barn kan sende ut mange ulike signal når dei er utsett for omsorgssvikt. Barnehagelærar A nemnar at det kjem ann på kva type omsorgssvikt dette er. Uansett type omsorgssvikt bør ein vere observant på endringar hjå barnet. Intervjuobjektet nemnar eit eksempel som går ut på om eit barn som er utåtvend vert trist, lei seg og endrar åtferd er dette noko ein bør reagere på og observere meir. Andre signal intervjuobjektet nemnar er om barnet ofte er trist, om det plutselig får konsentrasjonsproblem, om barnet er ferdig med bleie og startar å tisse på seg igjen kan dette og vere teikn på omsorgssvikt. Om barnet er utsett for seksuelle overgrep kan dette gjerne kome fram i leiken, dei kan då leike meir seksuelt enn kva som er normalt at eit barn veit om seksualitet. At barnet ikkje klarar å sitje i ro og at dei er kjenslemessig ustabile kan og vere teikn på at barnet er utsett for omsorgssvikt, men dette handlar også om kva personlegdom kvart enkelt barn har.

Barnehagelærer A nemnar også at h*n ikkje har opplevd personleg at signala kan kome fram sterkare enkelte dagar, men kan tenkje seg at for barn som lev med rus og alkoholproblem, kan måndagen vere vanskeleg. Dette fordi det gjerne i helga har vore verre for barnet, kanskje med ein fest i heimen. Intervjuobjektet nemnar at eit teikn på omsorgssvikt hjå barn kan også vere trøyttheit, barnet kan liggje mykje vaken på natta og kvelden, vere engstelege. Med vald i heimen kan barna vere redde for at ein skal høyre noko av det som skjer som slag, skrik og krangling. Barnet kan og føle at dei berre er der og må klara seg sjølv.

Barnehagelærer A nemnar og at sjølv om trøyttheit kan vere eit teikn vil ikkje det sei at om barnet er trøytt, er det utsett for omsorgssvikt. Alle teikn kan ha ein anna bakgrunn enn omsorgssvikt, og det er derfor dette er vanskeleg.

Barnehagelærer B nemnar at utagering er eit teikn på omsorgssvikt, men at det kan vere vanskeleg å vite om det er omsorgssvikt som ligg bak utageringa eller ikkje. Andre teikn som ein kan sjå etter er om barnet er veldig innadvent, er trøytte, har dårleg kroppshygiene eller har skitne kler. Om foreldra gløymer mykje som dei får beskjed om frå barnehagen og at dei gjerne ikkje bryr seg om det barnet fortel når dei vert henta kan også vere teikn.

Intervjuobjektet tenkjer at dette er samansett av fleire ting, men at ein og kan sjå det på auga til barna om dei er redde og engstelege, samt på teikningane deira. Dette vil kome fram om ein har klart å byggje ein god relasjon til barnet. Barnehagelærer B har og opplevd åtferdsending hjå barn som har vert utsett for omsorgssvikt. Då vart gjerne barnet innadvent, det slutta å leike, det orkar ikkje å vere med i leiken til dei andre barna. Barna kan og plutseleg byrje å bite, slå, vere utagerande. Dette har ikkje barnehagelærer B opplevd sjølv, men veit at det kan vere teikn. Intervjuobjektet nemnar og at rundt jul, sommarferien og liknande, kan gjerne teikna på omsorgssvikt vere sterkare. Då gler alle seg til jul og sommarferie, men barn som er utsett for omsorgssvikt gjer gjerne ikkje det. Barnet vågar som regel ikkje å seie dette, men ein kan gjerne sjå det på dei. Barnehagelærer B har og opplevd at barnet har kome til h*n og sagt det, men ein treng då veldig god relasjon.

4.3 Handling ved mistanke om omsorgssvikt og samarbeidsinstansar

Ved mistanke om omsorgssvikt snakkar barnehagelærer A om at det også her kjem ann på kva type omsorgssvikt det er. Om det er snakk om vald og overgrep skal ikkje føresette kontaktast. Barnehagelærer A ville tatt kontakt med styrar og varsla barnevernet, her skal ein og varsle politiet om det er noko konkret ein har. Når det kjem til andre typar omsorgssvikt nemnar intervjuobjektet at observasjon og magekjensla er veldig viktig. Intervjuobjektet kjem med eksempel på om barnet seier “mamma ligg å søv heile dagen”. Ein bør då snakke meir

med barnet om dette og finne kva det eigentleg meiner, vidare kan ein snakke med andre kollegar og styrar om dette. Om det ikkje er snakk om vald og overgrep, kan ein gjerne kalle inn til ein foreldresamtale med dei det gjeld. Barnehagelærer A nemnar at eit godt foreldresamarbeid gjer det lettare å ha ein samtale, både for foreldra og pedagog. Nokre foreldre kan synes dette er veldig greitt fordi dei treng hjelp til å ta vare på barnet sitt, alle er ulike og alle ser ikkje like lett behova til barnet. Som barnehagelærer kan ein då gjerne hjelpe med dette, snakke om rutinar, hjelpe dei til å sjå barnet sitt beste osv. Barnehagelærer A nemnar om ein har mistanke om omsorgssvikt er det viktig å ta barnet på alvor. Som barnehagelærer kan ein ver den trygge, gode og varme vaksne som ser og lyttar til barnet. Dei barna ein har gode relasjonar til kan gjerne opne seg, dette er veldig viktig.

Barnehagelærer B fortel at ein som barnehagelærer ikkje må vere feig om ein har mistanke om omsorgssvikt. Det er tøft å gå inn i slike saker, men intervjuobjektet nemnar at både foreldre og barn som er blitt vaksne har kome tilbake til h*n å takka for hjelpa. Intervjuobjektet nemnar at ein skal ikkje krenka foreldra men ein er nøydtt til å ha barnet i fokus. Omsorgssvikta består hovudsakleg ofte av at foreldra ynskjer å hjelpe barna, men ikkje klarar det. Barnehagelærer B seier at h*n har opplevd å bli utelat frå prosessen vidare når h*n har meldt til barnevernet. Dette meiner intervjuobjektet er negativt for ein som barnehagelærer har bygd opp ein god relasjon og barnet kan ha fortald mykje. Når så barnehagelærer vert utelat har ikkje barnet denne trygge vaksne lenger. Barnet kan difor gjerne stoppe å fortelje om sin situasjon. Barnehagelærer B seier det er viktig å trygga barnet heile vegen. Kvalitetstid er viktig og det at ein brukar mykje tid og energi på barnet. Dette for å gjere dei trygge og finne på positive ting med dei, men også snakke om det negative. Ein må vere med barnet, byggja relasjonar og byggje det sosiale rundt barnet også hjelpe barnet med å leike med andre trygge barn.

Barnehagelærer A fortel om ulike instansar ein kan samarbeide med ved mistanke om omsorgssvikt. H*n nemnar barnevernet, helsestasjonen og politiet. Det å kunne ringe barnevernet anonymt og spør om tips og råd meiner barnehagelærer A er greitt å vite om. Gjennom det kan ein få råd dersom ein er usikker på om noko er normalt eller ikkje, ein kan spørje barnevernet om mykje og dei kan komme i barnehagen å sjå. Det er ofte eit spørsmål om ein skal snakke med foreldre eller ikkje, her kan barnevernet vere ein god støtte og ein får lufta tankane sine. Helsestasjonen er eit lågterskel tilbod ein har, her kan ein få rettleiing dersom det er noko med små barn. Intervjuobjektet nemnar og politiet men det er berre dersom det blir aktuelt, og det er når det gjeld seksuelle overgrep og vald. Barnehagelærer A

synes det er eit vanskeleg tema, men dersom ein tar hinta barna gir kan ein hjelpe mange barn.

Barne- og familierettleiar meiner barnehagelærer B er den første instansen dei brukar, dette er eit lågterskeltilbod. Det å ha god dialog med både dei og barnevernet er viktig. Når ein tar inn barne- og familierettleiar meiner intervjuobjektet at det er eit mindre skremmande tilbod, og dei kan gå på heimebesøk til familiar som gjer det lettare å sjå situasjonen heima. Både barne- og familierettleiar og ein sjølv kan melde til barnevernet. Intervjuobjektet nemnar og at ein ikkje skal vere redd barnevernet, dei gjer ein viktig og mykje god jobb. Ein må hugse å fortelje foreldre om at barnevernet ikkje er farleg. Dei har mykje gode tilbod som kan hjelpa. Når ein jobbar i barnehage må ein våga å ta ting vidare, det kan vere veldig vanskeleg.

Barnehagelærer B synes at det er trygt å kunne ha med nokon andre i personalet, men ein kan også oppleve at dei vegrar seg og du må ta det aleine. Å ringe anonymt til barnevernet for å søke råd og tips kan og vere ein måte for å finne ut om magekjensla di er noko ein bør ta vidare. Intervjuobjektet nemnar og helsesøster som eit tilbod dei brukar.

4.4 Personalet treng kunnskap og kompetanse

Barnehagelærer A meiner at ein aldri får nok kunnskap og kompetanse rundt temaet omsorgssvikt. I barnehagen har dei fått kurs som har gitt dei litt kunnskap om signal med tanke på omsorgssvikt. Barnehagelærer A kunne tenkje seg meir kunnskap om foreldrerettleiing, altså korleis ein kan rettleie foreldra. Ein anna kompetanse intervjuobjektet meiner er viktig at personalet har er om samtalan ein må ha med barna. Desse samtalan kan kome spontant og det er den i personalet som er der som må ta den og følgje den vidare.

Dette kan vere den trygge vaksne for barnet. Ein måte intervjuobjektet meiner denne kunnskapen kan komme er gjennom rollespel med dei andre i personalet. Å tillata seg tanken på at det faktisk kan skje i vår barnehage er viktig, ein må kjenne på magekjensle og følgje med på barna. Når ein får ein magekjensle kan det vere lurt å notera ned alt barnet seier og om du ser noko dei gjer. Dette kan vere små hint og dei kan vere vanskeleg å ta opp igjen.

Barnehagelærer B nemnar at ein ikkje må undervurdera eksisterande teori rundt dette temaet, for det er mykje god teori. Intervjuobjektet syns det var litt vanskeleg å svare på spørsmålet, men ein må byggje tillit til barnet. Gjennom erfaring med barn meiner intervjuobjektet at det kjem kunnskap om korleis ein kan sjå dei forskjellige måtane barn er på. Det å godta og faktisk tru at det kan skje ting som ein ikkje skulle tru nemnar intervjuobjektet også. Her kan ein ha ei oppleving av at føresette eigentleg er veldig oppegåande. Barnehagelærer B seier at

ein kan gi kunnskap til personalet gjennom å få barne og familierettleiar med på personalmøte for å gi eksemplar på signal og korleis ein dermed kan oppdaga ting. Intervjuobjektet nemnar også tryggleikssirkelen som ein viktig ting i kompetansen.

5.0 Drøfting

I denne delen av oppgåva vil me diskutere problemstillinga vår “Korleis kan ein som vaksen i barnehagen oppdage signal hjå barn som er utsett for omsorgssvikt?” Me vil drøfte problemstillinga i lys av relevant teori og funn me har gjort gjennom intervjua. Denne delen av oppgåva har me valt å dele inn i fire delar. Det har me valt å gjere for å få ein ryddig struktur i oppgåva.

5.1 «Barn som ikkje har det bra»

Winnicot brukar omgrepet holdande miljø. Dette handlar om korleis ein ser på barnet, om ein har ein nærleik til barnet og om ein kan setje barnets behov framfor sine egne (Askland & Sataøen, 2014, s. 60). Dette kan ein sjå igjen i svara til informantane våre. Dei seier at når dei høyrer ordet omsorgssvikt tenkjer dei på barn som ikkje har det bra og ikkje får den omsorga dei treng. Ein kan og sjå til Kvello (2015, s. 318) sin forklaring på omsorgssvikt.

Barnehagelærer A understrekar at det er ulike former for omsorgssvikt frå seksuelle overgrep til at barnet ikkje får den omsorga dei treng i det daglege. Killèn (2017, s. 57) skriv om dei ulike formene som er fysiske overgrep, kjenslemessig vanskjøtsel, psykiske overgrep og seksuelle overgrep, ho utdjupar og kva dei inneber. Barnehagelærer B seier også at det finst fleire former for omsorgssvikt og at det og kan vere forskjellige årsaker til omsorgssvikta. Barnehagelærer B nemnar også at ein som barnehagelærer i omsorgssviktsituasjonar må tenkje at ein er barn sitt talerøyr og at ein heile tida må ha barnet i fokus.

Gjennom intervjuet uttrykkar informantane våre at omsorgssvikt er eit vanskeleg tema, dei understrekar at det ofte er vanskeleg å vite om det barnet er utsett for omsorgssvikt eller ikkje. Her kan me sjå til Nordhaug (2018, s. 22) som skriv at alle barn kan skada seg og dette er normalt. Men om dette skjer gjentatte gonger på grunn av foreldra ikkje er tilstrekkeleg til stades, kan ein sjå på det som omsorgssvikt.

Me vil trekkje fram Kvello (2015, s. 319) sine ulike grader av omsorgssvikt. Intervjuobjekta nemnar at omgrepet omsorgssvikt omfattar mykje, dei nemnar seksuelle overgrep. Me ville sett dette under Kvello sin grad særdeles alvorleg. Barnehagelærer A nemnar også at omsorgssvikt kan handle om barn som ikkje har det bra og som ikkje vart sitt og høyrde. Dette tenkjer me kan passe under Kvello sin grad alvorleg. Me ser her at intervjuobjekta våre hadde nokså lik oppfatning av omgrepet omsorgssvikt som teorien.

5.2 «Eg ser deg»

Informantane våre seier at det kan vere svært vanskeleg å oppdage barn som er utsett for omsorgssvikt. Ein kan her sjå til Killèn (2017, s. 87) som skriv om at barna kan utvikle overlevingsstrategiar for å skjule at dei er i ein vanskeleg situasjon. Me ser på dette som eit uromoment i barnehagen, med tanke på at desse barna er svært viktige å oppdage. Dermed er det viktig at barnehagepersonalet har kunnskap om omsorgssvikt for å oppdage og hjelpe desse barna på best mogleg måte. Claussen (2010, s. 17) nemnar også at det ofte kan vere vanskelegare å oppdage teikn hjå små barn. Det tar og lang tid før barnet tar skade av at dei er utsett for omsorgssvikt, og enda lengre tid før teikna kjem fram (Claussen, 2010, s. 17).

Barnehagelærer A og B fortel på den andre sida at om barnet har ein klar **åtferdsendring**, er dette noko ein bør observere meir og undersøkje kva som ligg bak. Ein kan her sjå til Nordhaug (2018, s. 68) som skriv at ein kan sjå teikn frå barna i blant anna samlingsstunder, måltid og liknande. Dette om barnet har problem med å regulera kjenslene sine, eller at det er ei forandring i deira åtferd.

Barnehagelærer B nemnar at h*n har opplevd stor åtferdsendring hjå barn som er utsett for omsorgssvikt når det nærmar seg jul, sommarferie og liknande høgtider. Dette kan skuldast at barnet då må vere mykje saman med foreldra. Killèn (2017, s. 95) skriv om traume, barn som er utsett for traume kjenner på frykt og hjelpeløyse. Ho skriv også om angst, og at barn kan ha angst for situasjonar som kan kome i framtida (Killèn, 2017, s. 93). Dette tenkjer me kan henge saman med det barnehagelærer B snakkar om. Dersom barnet har opplevd traume i jula tidlegare, eller i sommarferien som var, kan dette gjerne vise igjen i åtferda til barna like før slike hendingar kjem igjen. På den andre sida har aldri barnehagelærer A sjølv opplevd slik åtferdsendring. Men på bakgrunn av erfaringa h*n har med barn tenkjer h*n at måndagen for eksempel kan vere vanskeleg for barn som lever med foreldre som har rus og alkoholproblem. Det har gjerne vore mange folk og fest i heimen i helga, og barnet kan difor vere svært trøyt og engsteleg. Om barnet er mykje **trøytt** er gjerne dette eit teikn ein kan sjå etter.

Eit anna teikn kan vere **overdriven avhengigheit** som Killèn (2017, s. 101) og Emilsen (2020, s. 154) skriv om. Dette handlar om at ein er veldig avhengig av vaksne, og vil vere saman med ein vaksen heile tida. Me tenkjer at om barnet er mykje trøytt så treng det mykje nærleik og gjerne eit fang å sitte i, då spesielt om måndagen i dette tilfellet. Killèn (2017, s. 101) og Emilsen (2020, s. 154) skriv også om forsvarsprega uavhengigheit. Dette handlar meir om at barna er overdrive uavhengige av vaksne. Me tenkjer at det og er viktig å vere

observant på desse barna. Ingen av informantane våre snakkar direkte om dette og her kunne me sjølv stilt meir oppfølgingsspørsmål i intervjuet kring teikn på omsorgssvikt for å få eit meir utfyllande svar frå informantane.

Barnehagelærer B har opplevd at eit barn som var utsett for omsorgssvikt vert **innadvent**.

Det slutta ofte å leike og det orkar ikkje å vere med i leiken til dei andre barna.

Barnehagelærer A nemnar og teikn som at barna plutselig vert triste og lei seg,

humørendringar. Killèn (2017, s. 100) skriv om **depresjon** som eit teikn på omsorgssvikt.

Barnet leikar gjerne lite, og er lite motivert for aktivitetar. Barna som er deprimert brukar

gjerne ikkje blikkontakt når dei vil kommunisere (Killèn, 2017, s. 100). Dette kan ein sjå

igjen i svaret til barnehagelærer B, h*n seier at om barnet er utsett for omsorgssvikt kan ein

ofte gjerne sjå det på auga deira. Men då må ein ha god relasjon til barnet for å fange opp og

sjå dette. Teikna som intervjuobjekta våre snakkar om kan ein gjerne her sjå igjen i

depresjon, barna er lite motiverte, leikar lite, dei er lei seg og dei er innadvent. Ein ser her at

teikna Killèn skriv om visar igjen i barnehagen me har undersøkt. Barnehagelærer B fortel at

utagerande barn som plutselig byrjar å bite og slå også kan vere eit teikn på omsorgssvikt.

Men at det er vanskeleg å skilje om det er omsorgssvikt eller noko anna som ligg bak. Killèn

(2017, ss. 93 - 94) skriv også at **aggresjon** kan vere eit teikn på omsorgssvikt, her under

angst. Om barnet har angst kan dette kome ut i form av aggresjon. Her ser me at ein kan

undersøkje vidare kva aggresjonen kjem av og gjennom dette prøve å avdekke eventuell

omsorgssvikt. Barnehagelærer A nemnar også at barn som er utsett for omsorgssvikt kan få

konsentrasjonsproblem og at barn som har slutta med bleie gjerne kan byrje å tisse på seg

igjen. Me tenkjer at dette kan vere på bakgrunn av at barna har mykje anna å tenkje på, dei

bekymrar seg mykje og kan gjerne utvikle angst. Ein kan her sjå til Killèn (2017, ss. 87 - 88)

som skriv om barn som er utsett for omsorgssvikt brukar mykje av kreftene sine på å overleve

og å meistre. Då blir det lite krefter igjen til andre ting som å konsentrere seg, hugse å gå på

do osv.

Nordhaug (2018, s. 123) skriv om at alle har ein rett til å bli verna mot vald og seksuelle

overgrep. Barnehagelærer A fortel likevel at ein kan sjå teikn på seksuelle overgrep i

barnehagen, ein kan gjerne sjå dette igjen i leiken deira. Barnet kan då **leike meir seksuelt**

enn det ein tenkjer barna kan om seksualitet på denne alderen. Ein kan her sjå til Killèn

(2012, s. 53) som skriv at seksuelle overgrep ikkje berre er samleie med barn, men og

seksuell leik. Me forstår dette som at barna då kan dra opplevingane sine ved seksuelle

overgrep med inn i leiken. Som vaksen må ein då vere observant på dette og ikkje oversjå

det. Ein må og vere merksam på dei barna som vert kalla løvetannbarn. Dette er barn som klarar seg godt på tross av den omsorgssvikta dei er utsette for (Killèn, 2017, s. 88). Me tenkjer at å oppdage dei barna som vert kalde løvetannbarn også er veldig viktig, samt veldig vanskeleg. Ingen av informantane våre nemnte noko om slike barn.

Barnehagelærer B seier også at om **foreldra bryr seg lite** om det barnet fortel når det blir henta i barnehagen, og gjerne gløymer mykje beskjedar frå barnehagen kan dette og vere teikn på omsorgssvikt. Dette bør ein ver merksam på og gjerne undersøkje og følgje opp. Sjølv om intervjuobjektet nemnte dette er det ikkje sikkert det alltid er slik at om foreldra er lite interessert er det snakk om omsorgssvikt. Foreldre kan også vere trøytte og liknande, eller av andre grunnar gløyme informasjonen. Men om dette varar over tid tenkjer me at det er noko ein i første omgang bør ta opp med foreldra for å undersøkje kva som ligg bak og om ein kan hjelpe dei. Samtidig kan me sjå til Killèn (2017, ss. 95 - 96) som skriv om tilknytningstraume, om tilknyttinga mellom barnet og foreldra ikkje er så bra kan barnet oppleve dette som traume. Me kan og sjå til Nordhaug (2018, s. 23) som skriv om vanskjøtsel som handlar om at foreldra gjerne ikkje har kunnskap og evna til å sjå barnet sitt. Killèn (2012, s. 41) skriv om psykiske overgrep, dette handlar om at foreldra har ein kronisk haldning eller handling. Me tenkjer at det er viktig å ta ein slik situasjon på alvor og undersøkje kva som ligg bak, me ser igjen i teorien at dette kan handle om vanskjøtsel, psykiske overgrep og/eller tilknytningstraume.

Killèn (2017, s. 99) skriv om **dissosiering**, dette er ein tilpassings og meistringsmekanisme som barna bruker for å beskytte seg når dei opplev noko traumatisk. Barn som dissosierer og har opplevd traume gjerne kan utvikle **post-traumatiske stress reaksjonar**. Nokre kan også ha så sterke reaksjonar at dei får tilstanden post-traumatisk stresslidning (Killèn, 2017, s. 99). Ingen av våre informantar har gått inn på slike teikn som dette. Me tenkjer det kan vere fordi dei ikkje har erfart dette sjølv og valte fokuserte på det dei har kjennskap til.

Killèn (2017, s. 89) skriv om overlevingsstrategiar, dette er måtar barna føreheld seg på for å meistre den vanskelege situasjonen dei er i. Det er to ulike overlevingsstrategiar Killèn presenterer. Dette er **overdriven tilpassing** som handlar om at barna alltid vil fylle krava og forventingane til dei vaksne. Eller den **utagerande** som handlar om at barna kontinuerleg er provoserande og har ein uro (Killèn, 2017, s. 89). Me kan ikkje sjå den overdriven tilpassande måten barna opptre på i svara til informantane. Den utagerande derimot snakkar dei ein del om. Me kan sjå igjen i svara til informantane at dei poengterer at om barnet er

utagerande, slit med å konsentrere seg, samt har ein uro i kroppen kan dette vere teikn på omsorgssvikt. Men på den andre sida kan det og vere noko anna som ligg bak. Ein bør uansett alltid undersøkje nærmare kva det er.

Dei fleste av teikna som informantane våre fortalde om i interjuvet var teikn me ser igjen i teorien. Men i teorien ser me fleire teikn som ikkje informantane gjekk inn på. Me ser dermed at det er mange teikn ein som vaksen i barnehagen bør sjå etter hjå barn for å oppdage omsorgssvikt. Ein må også kunne sjå etter dei teikna ein ikkje har erfart sjølv, men som teorien går inn på. For å oppdage omsorgssvikt hjå barn er ein nøydt til å sjå barnet.

5.3 «Ikkje feig ut»

Når ein som vaksen i barnehagen kjenner på ein bekymring for eit barn er det mykje ein må tenkje gjennom. Ein kan byggje opp ein mistanke om at det føregår omsorgssvikt i heimen. Det er viktig å handle rett for å hjelpe barnet på ein god måte. Begge intervjuobjekta nemnar det å byggje gode relasjonar til barna er viktig, for gjennom dette kan ein skapa gode samtalar med barna. Her ser ein det same som Drugli (2002, s. 36) nemnar at ein som vaksen kan få mykje informasjon som kan vere nyttig gjennom barna sine tankar og syn. Det er dermed viktig å sjå barnet, vere der for det og støtte det. På ei anna side kan det vere veldig vanskeleg for barnet å snakka om dersom ein opplev noko vondt i heimen. For nokon barn får streng beskjed om at dette ikkje skal forteljast til nokon, og får ein trussel dersom det blir fortalt vidare. Dei er lojale med foreldra, dermed fortel ikkje barna det. Her må ein som vaksen visa sin støtte og vere den trygge vaksne for barnet. Det å vise støtte nemnar Drugli (2002, s. 39) også, det å vere ein trygg vaksen som faktisk høyrar på det barnet har å sei. Dette kan føre til at samtalen for barnet ikkje blir så vanskeleg å gjennomføre. Me ser også på det å ha ein samtale med barna som ein viktig del av prosessen frå mistanke til handling. Dette for barna sitt med mykje informasjon om kva som faktisk går føre seg.

Claussen (2010, s. 27) skriv at ein ser barn over tid når ein arbeidar i barnehagen og gjennom dette observerer ein ting som kan vekke mistankar. Når det gjeld mistanke om omsorgssvikt snakkar barnehagelærer A om det å observere barnet for å få eit bilete av kva du faktisk ser i løpet av ein periode. Her kan ein skrive ned det ein opplev og gjennom observasjonane kan ein finne ut om det er teikn på at ein må følgja saken vidare eller om det ikkje var noko å ta vidare. Her kan ein ta saken vidare med føresette dersom det ikkje gjeld vald og overgrep. Barnehagelærer B derimot snakkar meir om det å ikkje vere feig og redd. Ein kan heller ta ein telefon til barnevernet anonymt for å få råd. Det kan vere lurt å snakke med nokon som er

meir inni temaet dersom ein er usikker sjølv. Ein må ta omsorgssvikt på alvor og ikkje oversjå, også når ein ikkje er motivert for å ta tak i saka. Drugli (2002, s. 36) skriv om hjelpa og støtta ein kan få hjå ulike instansar, som for eksempel barnevernet. Me tenkjer at barnevernet ofte kan verke skremmande for foreldre, dette på bakgrunn av alle avisoppslag som handlar om saker i barnevernet. Kanskje ikkje barnehagane er flinke nok til å informera foreldra om kva hjelpeinstansane kan hjelpe med. Om barnehagen er flinke til å informere kva hjelpeinstansane kan gjer verkar dei kanskje mindre skremmande. Det er mange instansar barnehagen kan samarbeide med. Nordhaug (2018, s. 74) nemnar at ein har ulike konsulentar som PPT, helsestasjon, kommunepsykolog eller BUP. Her vel barnehagen ut frå kva erfaring dei har med dei ulike instansane. Barnehagane har som oftast ganske like rutinar ved mistanke om omsorgssvikt. Men det er likevel ulikt kva instansar dei kontaktar først, her handlar det om kva instansar kommunen tilbyr. Barnehagelærar B fortel om barne- og familierettleiar, og synest dette er ein bra instans som er eit lågterskeltilbod. Her meiner informanten at dette er eit tilbod som ikkje verkar så skremmande for føresette. Ein bør informere føresette om at instansane ikkje er farlege, dei er der for å hjelpe. Ut i frå det barnehagelærar B fortal oss om barne- og familierettleiar, ser me på denne instansen som ein viktig lågterskel instans å samarbeide med. Me tenkjer derfor at dette er ein viktig instans som fleire bør vita om når ein kjem ut i arbeid, dersom kommunen har denne instansen. Men teorien skriv meir om andre instansar som ikkje intervjuobjekta våre nemnar så mykje. Drugli (2002, s. 36) skriv om BUP som ein instans, og Nordhaug (2018, s. 74) nemnar PPT, kommunepsykolog og BUP. Dette er instansar som kan vere til nytte i ein omsorgssviktsituasjon, men det kan verka som at intervjuobjekta våre ikkje brukar desse så mykje i det arbeidet.

I Barnehageloven (2006, s. §22) står det om opplysningsplikt, som handlar om at barnehagetilsette skal gi vidare opplysningar til barnevernet når det er grunn til å tru at barnet er utsett for alvorleg omsorgssvikt. Dette er ikkje noko intervjuobjekta våre nemnar når dei snakkar om instansane dei samarbeider med. Både gjennom intervjuet og teorien går barnevernet mykje igjen. Dette er nok den instansen som ein arbeidar mest saman med når det handlar om omsorgssvikt. Nordhaug (2018, s. 74) snakkar om grøn og raud sone, dersom ein opplev ein endring i åtferda til eit barn kan ein knytte det til den grønne sona Nordhaug skriv om. Men om eit barn ofte har mykje uforklarlege blåmerke er det ofte snakk om den rauden sona. Når det er så alvorleg at ein kontaktar barnevernet, tar dei gjerne ein vurdering om politiet også bør bli koplå inn (Nordhaug, 2018, s. 74). Barnehagelærar A nemnar også

politi som ein instans ein kan ta kontakt med dersom det er nødvendig. Ut frå teorien verkar det for oss som at dette er ein instans som kanskje er meir inn i bilete når barnevernet har saka.

Ein viktig ting når ein arbeidar innanfor dette temaet er å ikkje krenka foreldra, dette nemnar også barnehagelærer B. Ein skal vere der for barna, støtte og hjelpe dei. Her kan det vere lurt å gå i dialog med føresette dersom det ikkje er snakk om vald og seksuelle overgrep. Her kan me stille oss kritisk til om dei vaksne i barnehagen er modige nok til å gå i møte med foreldra. Ein foreldresamtale kan skapa gode samtalar med foreldra og ein kan få eit heilskapleg bilete av barnet både heime og i barnehagen. Drugli (2002, s. 34) hevdar også at gjennom godt samarbeid med føresette kan ein få innsikt i korleis barnet er heime. Når ein veit korleis barnet er heime og snakkar med føresette om dette, skapar det også innblikk i korleis dei stillar seg til barnets veremåte. Barnehagelærer A fortel at eit godt samarbeid med føresette frå starten av skapar ein betre samtale seinare. Dette for både barnehagelærer og føresette følar seg meir trygge på kvarandre. Ein kan sjå det igjen i det som barnehagelærer B snakkar om, å ikkje krenka foreldra. Denne opplevinga får nok ikkje føresette så fort dersom ein har eit godt samarbeid og får gode samtalar ilag. Her er det viktig å understreke at ved mistanke om vald og seksuelle overgrep skal ein ikkje snakke med føresette. Omsorgssvikta kan kome av at føresette ikkje strekker til og ikkje klarar å gjer alt som barnet treng, men samstundes har dei eit ynskje om å få det til. Her kan eit samarbeid med barnehagen føre til at familien får hjelp. I barnehagelova (2006, s. §1) står det at “Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med heimne ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling”. Her ser ein at barnehagen og har ein lov som seier at ein skal driva samarbeid med heimen.

Ut i frå teorien og resultatane våre har me funne ein rekkjefølgje som kan vere grei å følgje dersom ein har mistanke om at eit barn er utsett for omsorgssvikt. Me har funne ut at det viktigaste å gjere om ein får mistanke er å observere barnet i ulike situasjonar, dette for å undersøkje om det verkeleg er noko ein bekymrar seg over. Det kan også vere lurt å diskutere denne bekymringa med andre tilsette som arbeidar med barnet i barnehagen, samt styrar. Etterpå kan det vere lurt å snakke med dei føresette om kva ein har observert, dette om det ikkje handlar om vald og seksuelle overgrep då skal ein kontakte barnevern med ein gang. Ved andre tilfelle av omsorgssvikt kan ein gjerne snakka med helsestasjon eller barne- og familierettleiar som er eit lågterskeltilbod, for å rådføre seg. Dersom ein framleis følar på ein bekymring rundt barnet, kontaktar ein barnevernet. Om det oppstår akutte situasjonar med

føresette i barnehagen, må ein kontakte politiet. Her kan eit eksempel vere om ein føresett kjem betydeleg rusa i barnehagen for å hente barnet.

5.4 «Ein får aldri nok»

Som tilsett i barnehagen er det mykje kunnskap ein bør ha, også innanfor å oppdage signal på omsorgssvikt. Barnehagelærer A sa i intervjuet at ein som tilsett i barnehagen aldri får nok kunnskap innanfor dette temaet. Dermed er det viktig å jobbe med det saman med personalet i barnehagen slik at dei tileignar seg ny kunnskap jamt og trutt. Emilsen (2020, s. 23) skriv om at det ligg i barnehagen sitt samfunnsmandat å tilby barn eit omsorgs og læringsmiljø som er lagt til rette for barnet. For at ein som vaksen i barnehagen skal kunne det, treng ein kunnskap om dette. Killèn (2017, s. 14) skriv at personalet må få kjennskap til forskingsforankra kunnskap for å ha eit godt grunnlag for å hjelpa barn på best mogleg måte. Her ser ein den teoretiske kunnskapen ein må bli sett inn i, men ein har og kunnskap som byggjer på erfaring. Både teori og erfaring er viktig kunnskap. Begge intervjuobjekta nemnar at erfaring i barnehagen gir kunnskap. Dette for ein opplev mykje gjennom åra ein jobbar i barnehagen. Ein får erfaring om kva ein bør sjå etter ved tanke på omsorgssvikt. Killèn (2017, s. 16) skriv om at ein er nøydt til å ha kunnskap og kan lese signala som dei sender. Her ser ein meir den sida med erfaring gjennom kunnskapen. Men når ein snakkar om kunnskap gjennom erfaring handlar det mykje om verdigrunnlaget ein har i barnehagen. Verdigrunnlaget går ut på kva grunnhaldning dei som jobbar i barnehagen har, korleis dei jobbar i barnehagen og kva kunnskap ein tar til seg. Emilsen (2020, s. 76) nemnar at ein må ta dei rette vala basert på kunnskapen ein har. Her ser ein det at ein må ha ei haldning om at det faktisk kan vere noko i alle barnehagar.

Både barnehagelærer A og B nemnar at ein må tru det også kan skje ting i sine barnehagar. Ein må ikkje vere for godtruande om føresette i barnehagen. Omsorgssvikt kan skje hjå dei du minst hadde trudd. Dersom ein har ei haldning på at slik ikkje kan skje i familiane me kjenner, endar det ofte med at ein overser det som faktisk skjer (Nordhaug, 2018, s. 87). Her kan barnehagebarn sende signal som ein som tilsett i barnehagen ikkje oppdagar for ein vil ikkje tru det. Her ser ein kor viktig det er å vere observant som tilsett i barnehagen, for ein ynskjer ikkje at barn skal gå gjennom heile barnehagetida utan at eventuelle omsorgssviktsituasjonar blir oppdaga. I rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 11) står det:

“Gjennom den daglege og nære kontakten med barna er barnehagen i ein sentral posisjon til å kunne observere og ta imot informasjon om omsorgs og livssituasjonen til barna. Personalet skal ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsette for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep, og dei skal vite korleis dei kan førebyggje og oppdage dette”.

Her ser ein kva ansvar personalet har i barnehagen. Det å tru det kan skje i nærleiken av deg er dermed viktig for å kunne observera og ta i mot informasjon om omsorgs- og livssituasjonen til barna. For å få god kontakt med barna bør ein vere ein trygg vaksen, skapa tillit og gi dei tryggleik. Dette har blitt meir i fokus nå som mange barn startar i barnehagen allereie som låringar. Her snakkar barnehagelærer B om tryggleikssirkelen som ein viktig faktor i kompetansen til personalet. For å skapa tryggleik må ein ha ein god tilknytning til barna, dette kan ein få gjennom tryggleikssirkelen. Killèn (2017, ss. 18 - 19) skriv om personalet som viktige omsorgspersonar for barna. Gjennom å gi omsorg og trøyst skapar ein tryggleik hjå dei. Ein som vaksen i barnehagen skal vere med på å fremja barnet si utvikling. Dette gjer ein dersom ein er ein god omsorgsperson for barnet. Det handlar om å styrkja trygg tilknytning, dette kan ein lære om i kompetanse om tilknytning (Killèn, 2017, ss. 142 - 143). For å få barnet til å opne seg for ein vaksen er den nøydt til å vere ein trygg vaksen for barnet.

Barnehagelærer A snakkar om barnesamtalen som ein viktig kunnskap å ha med seg. Dette handlar om korleis ein skal snakke med barn. Dette kan vere barn som har vist teikn på at dei har opplevd noko i heimen. Ein slik samtale bør den som har opplevd hinta frå barnet ta med barnet, hintet kan vere noko barnet har sagt til den vaksne. Barnet opnar seg til den trygge vaksne og dermed er det den som har opplevd det som bør ta samtalen vidare. Den trygge vaksne kan like gjerne vere ein barne- og ungdomsarbeidar som ein barnehagelærer, her kjem arbeidsfordelinga inn. Som barnehagelærer har ein planleggingstid som gjer at ein er borte frå borna ein del. Jakobsen (2015) skriv i sin artikkel om arbeidsfordeling, at dersom barnehagelæraren skal gjer andre praktiske oppgåver som oppvask, matlaging og så vidare er den lite saman med barna. Dette førar til at dei andre tilsette både kan kjenne barna betre, og barna er meir trygge på dei. Samstundes tenkjer me at om barnehagelæraren skal gjere praktiske oppgåver er dette ein god moglegheit til å gjere dei om til pedagogisk aktivitet. Dette kan ein gjer om ein tar barna med på dei praktiske oppgåvene, her kan ein få gode samtalar med barna. Barnehagelæraren får dermed meir tid med barna samstundes som dei praktiske oppgåvene vert gjort. Barnehagelærer A nemnar at gjennom rollespel med dei andre

i personalet kan ein tileigna seg kunnskap om samtalen med barna. Her får ein øve seg på ulike måtar å stille spørsmål og korleis ein skal ordleggje seg når ein snakkar med barna.

Korleis ein tileignar seg kunnskap er ulikt frå person til person, men når ein arbeidar i barnehagen bør ein få tilbod om å få kunnskap om korleis ein kan oppdage signal på omsorgssvikt. Ein kan ofte kjenne på ein uro om ein har mistanke om eit barn er utsett for omsorgssvikt. Killèn (2017, s. 87) hevdar at det er viktig å ha kunnskap og kompetanse for å kunne finne ut kva som ligg bak denne uroa, samt kunne ta vare på barnet best mogleg.

Barnehagelærer B forklarar at dei har hatt inne barne- og familieretteleiar i personalmøte for å få kunnskap om signal barn sender, medan barnehagelærer A snakkar om kunnskap dei har fått gjennom kurs dei har hatt, her har dei fått vite om ulike signal som barn som opplev omsorgssvikt kan vise.

Kunnskap om omsorgssvikt og korleis ein kan oppdaga det er viktig. Det er og bakgrunnen for at me valte å skrive denne oppgåva. Me følar at gjennom studiet har me fått for lite kjennskap til dette temaet. Barnehagelærer A nemnar også at ein får lite informasjon rundt omsorgssvikt og kunne tenkt seg meir om for eksempel foreldrerettleiing gjennom studiet. Me finn lite teori rundt dette, mens det i rammeplanen står “[...] og dei skal vite korleis dei kan førebyggje og oppdage dette” (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 11). Det er dermed viktig at ein har kunnskap om omsorgssvikt. Barnehagen skal følgje rammeplanen, om ein i barnehagelærarstudiet får meir kunnskap rundt omsorgssvikt. Samt korleis ein kan oppdage dette, kan ein lære dette vidare til personalet sitt og heile personalgruppa får dermed meir kunnskap og ein kan lettare oppdage barna som er utsett for omsorgssvikt.

Gjennom teori og informantane sine svar kan me sjå at kunnskap er med på å oppdage barna som er utsett for omsorgssvikt. Det er dermed viktig at alle som jobbar med barna i barnehagen får denne kunnskapen, slik at ein har eit best mogleg grunnlag for å hjelpe barna.

6.0 Konklusjon

Målet vårt med denne oppgåva har vore å tileigne oss meir kunnskap rundt temaet omsorgssvikt, samt korleis me kan oppdage dei barna som vert utsett for omsorgssvikt. Me har arbeida ut frå ei problemstilling: “Korleis kan ein som vaksen i barnehagen oppdage signal hjå barn som er utsett for omsorgssvikt?”. Me har brukt kvalitative intervju som metode for å undersøkje problemstillinga og intervjuja to barnehagelærarar frå to ulike barnehagar. Gjennom dette har me fått innblikk i deira erfaringar og synspunkt rundt tema omsorgssvikt. Me har valt få informantar for det har vore viktig for oss å få fram deira erfaringar og synspunkt, slik har me fått informasjon med djupna.

Det kjem fram i svara til informantane at dei sjølv har lite kunnskap rundt temaet omsorgssvikt og saknar meir kunnskap i utdanninga. Men på bakgrunn av den lange erfaringa deira med arbeid i barnehagen, har dei likevel opparbeida seg kunnskap. Me har bevisst valt å bruke “vaksen i barnehagen” i problemstillinga vår, for kunnskapen om korleis ein kan oppdage barn som er utsett for omsorgssvikt treng alle som jobbar i barnehagen. Som barnehagelærar er det dermed viktig at ein kan vidareformidla den kunnskapen ein har kring temaet, til medarbeidarane sine.

Me har gjennom bachelorprosessen tileigna oss mykje ny kunnskap kring temaet omsorgssvikt, og kva signal barna kan sende ut når dei er utsett for omsorgssvikt. Med den nye kunnskapen me har tileigna oss følar me oss no tryggare på å gå ut i rolla som barnehagelærarar. Men framleis er me ikkje ferdig utlært, og ser fram til å få meir erfaring med arbeid i barnehagen slik at me vert enda tryggare.

Teorien skriv mykje om kva signal barna kan vise dersom dei er utsett for omsorgssvikt, mens informantane snakkar meir om korleis signala kjem fram gjennom barns åtferd. Ut i frå det har me drøfta problemstillinga vår. Gjennom dette arbeidet ser me at dersom ein skal oppdage signal frå barn som er utsett for omsorgssvikt er ein nøydt til å vere til stades for barna, sjå dei og vere den trygge vaksne som barnet opnar seg for.

7.0 Referansar

- Askland, L., & Sataøen, S. O. (2014). *Utviklingspsykologiske perspektiv på barns oppvekst*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Barnehageloven. (2006). *Lov om barnehager (LOV-2005-06-17-64)*. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>
- Bergsland, M. D., & Jæger, H. (2014). *Bacheloroppgaven i barnahagalærerutdanningen*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Brandtzæg, I., Torsteinson, S., & Øiestad, G. (2013). *Se barnet innenfra - Hvordan jobbe med tilknytning i barnehagen*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Buudir. (2015, 20 april). *Barn med krevende oppvekstbetingelser*. Henta frå Buudir.no: https://buudir.no/Statistikk_og_analyse/oppvekst/Familie_omsorg_og_relasjoner/Barn_med_vanskelige_oppvekstbetingelser/
- Christoffersen, L., & Johannessen, A. (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene*. Oslo: abstrakt forlag.
- Claussen, C. J. (2010). *Det er noe med den ungen - fra bekymring til handling*. Oslo: Sebu forlag.
- Drugli, M. B. (2002). *Barn som vekker bekymring*. Trondheim: NKS Forlaget.
- Emilsen, K. (2020). *Dørstokkmila - barnehagens vei fra magesfølelse til melding*. Bergen: Fagbokforlaget.
- FHI. (2019, 25 juni). *Ett av fem barn blir slått, kløpet eller lugget*. Henta frå Folkehelseinstituttet.no: <https://www.fhi.no/nyheter/2019/vold-barn/>
- Jakobsen, S. E. (2015). *Hvem gjør hva i barnehagen?* Henta frå Vetuva: <https://vetuva.udir.no/index.php/artikler-2015/hvem-gjor-hva-i-barnehagen/>
- Killèn, K. (2012). *Sveket 1 - Barn i risiko- og omsorgssituasjoner*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Killèn, K. (2017). *Forebyggende arbeid i barnehagen - samspill og tilknytning*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Kunnskapsdepartementet. (2017, 1 august). *Rammeplan for barnehagen - innhald og oppgåver*. Henta frå Utdanningsdirektoratet:

<https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-nynorsk2017.pdf>

Kvelling, Ø. (2015). *Barn i risiko - Skadelige omsorgssituasjoner*. Oslo: Gyldendal akademisk.

Nordhaug, I. (2018). *Kva ser vi - kva gjer vi? Omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep. Skulen og barnehagen sine oppgåver*. Bergen: Fagbokforlaget.

Ot.prp. nr. 104. (2008-2009). *Om lov om endringer i barnelova mv.— (flytting, delt bosted, samvær, vold mv.)*. Barne- og familiedepartementet. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/otprp-nr-104-2008-2009-/id567744/sec6>

Postholm, M. B., & Jacobsen, D. I. (2011). *Læreren med forskerblick - Innføring i vitenskapelig metode for lærerstudenter*. Kristianstad: Høyskoleforlaget.

Rønning, E. (2001, 20 september). *Barns levekår før og nå*. Henta frå Statistisk sentralbyrå: <https://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/artikler-og-publikasjoner/barns-levakaar-for-og-naa>

Utdanningsdirektoratet. (2017, 01 08). *Rammeplan for barnehagen - innhald og oppgåver*. Henta frå Udir.no: <https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-nynorsk2017.pdf>

Vedlegg 1: Samtykkeskjema

Informasjonsskriv til barnehagen og førespurnad om deltaking som informantar i intervju til bruk i bacheloroppgåve:

Me heiter Kristine Lilledal og Jenny Rørtveit Haraldseid, og studerar ved barnehagelærlinja på HVL campus Stord.

Hausten 2020 skal me skrive bacheloroppgåve. I arbeidet med denne oppgåva ynskjer me å få større innblikk i korleis vaksne i barnehagen kan oppdage og hjelpe barn som opplev omsorgssvikt.

Oppgåva vil bli basert på kvalitative undersøkingar. Dermed treng me frivillige til intervju, sjølv om du samtykkjer til å vere med på intervju, har du moglegheit til å kva tid som helst trekkje deg, utan at du treng å ha noko grunn. Me ynskjer å intervjuer pedagogisk leiar/barnehagelærer på ein avdeling i deira barnehage. Intervjuet vil truleg ta frå tretti minutt til ein time.

For å kunne nedskrive med mest mogleg nøyaktigheit kva som blir uttalt under intervjuet ynskjer me å være to intervjuere til stades slik at ein intervjuar og ein skriv det som blir sagt i intervjuet. Dette fordi me ikkje har moglegheit til å gjere band opptak på grunn av nye etiske retningslinjer. Intervjua vil behandles konfidensielt og både barnehagen og informanten vil bli anonymisert under transkriberinga. Opplysningar som kan avdekke identiteten til barnehagen, ansatte, barn eller foreldre vil bli utelatt. Intervjua vil bli makulert når oppgåva er levert inn, seinast juni 2021.

Problemstillinga for oppgåva vår er: Kva signal skal ein som vaksen i barnehagen sjå etter hjå barn som er utsett for omsorgssvikt?

Ta gjerne kontakt med oss eller rettleiar ved spørsmål. Rettleiaren vår på denne oppgaven er Maritha Berger Nylund. E-posten hennar er: maritha.nylund@hvl.no

Samtykke til deltaking i studien

Dette samtykker eg til:

- Å delta i kvalitativt forskningsintervju
- At empirien blir brukt i prosjektet
- Personopplysninger behandles fram til prosjektet er avsluttet 23.01.2021

Det skal ikkje samlast inn skriftleg signatur på grunn av personvern. Me ynskjer dermed at dykk krysser av her:

Eg har lest og gjort meg forstått med informasjonen om studien

Eg samtykker å delta i studien

Intervjuguide

Problemstilling

Kva signal skal ein som vaksen i barnehagen sjå etter hjå barn som er utsett for omsorgssvikt?

Formål

Formålet med denne oppgåva er å få eit større innblikk i korleis vaksne i barnehagen kan oppdage og hjelpe barn som opplev omsorgssvikt. Me har valt dette tema på bakgrunn av at me sjølv ynskjer meir kunnskap rundt det og har opplevd det som eit aktuelt tema i samfunnet. Som vaksne i barnehagen har ein eit stort ansvar for barnas omsorgs og livssituasjon, i rammeplanen står det «Personalet skal ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsette for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep, og dei skal vite korleis dei kan førebyggje og oppdage dette» (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 11).

Intervjuspørsmål

1. Kva assosiasjonar får du når du høyrer ordet “omsorgssvikt”?
2. Når eit barn er utsett for omsorgssvikt, kva signal tenkjer du barna sender ut da?
 - a. Har du opplevd atferdsending hjå barn som du har hatt ein mistanke om at har opplevd omsorgssvikt?
 - b. Er det enkelte dagar ein opplev desse signala frå barn sterkare enn andre?

3. Kva meiner du er viktig i arbeid som barnehagelærer dersom ein har mistanke om omsorgssvikt hjå barn?

a. Korleis vil du ha fulgt opp dette barnet?

4. Kva kunnskap tenkjer du dei tilsette i barnehagen treng for å kunne oppdage signal hjå barn på omsorgssvikt?

5. Kva instansar samarbeider barnehagen med, og kven tar ein kontakt med først?

6. Er det noko meir du vil tilføra om temaet?